



## **Velkommen til skuleåret 2021-2022 på Gaupne skule**

Då er sommarferien snart over, og tilsette ved Gaupne skule gler seg til å ta i mot elevane og starte på eit nytt skuleår. Me kan heldigvis starte opp på grønt nivå, noko som betyr at elevane kan vere saman på tvers av klassane både i undervisnings-situasjonar og i friminutta.

### **Oppstart er mandag 16.08.21 kl. 9.**

Fyrste skuledag gjennomfører me eit eige opplegg i aulaen for nye 1. klassingar med føresette, medan dei andre klassane startar i sine respektive klasserom. Elevane stiller opp utanfor eigen inngang, og ventar der til dei vert henta av lærarane sine.

Det vert ikkje felles foreldremøte i aulaen i år, men me tek sikte på å gjennomføre foreldremøte i klassane tysdag 31. august. Tre klassar har foreldremøte frå 18-19 og dei tre andre frå 19-20. Nærare beskjed om fordeling vil de få etter kvart. SFO skal ha foreldremøte for nye føresette 19.08 kl. 17.30, og 1. klasse skal ha sitt møte kl. 18.00 same dag.

### **Skulemjølk** bestiller de på [www.skolelyst.no](http://www.skolelyst.no)

Det er fint om de bestiller mjølk så snart som mogleg, dersom de skal nytte ordninga. Merk dykk at det vil ta nokre dagar frå de har bestilt, til eleven dykkar får mjølk/frukt.

### **Skolefrukt** kan som tidlegare bestillast på [www.skolefrukt.no](http://www.skolefrukt.no)

**Leksehjelp.** Me tilbyr leksehjelp for elevar i 4.-7.kl. måndagar frå kl. 14-15, tysdagar frå kl. 15-15.30 og onsdagar frå kl. 15-15.30. Måndagane er det beste alternativet for 4. klassingane, men dei er også velkomne på tysdagar og onsdagar dersom heimane finn praktiske løysingar på dette. Elevar som har busskort har høve til å ta skulebuss kl. 15 på måndagar.

Pedagog Håvard Kastet og miljørettleiar Håkon Jacobsen har ansvar for leksehjelpa. Det pleier å vere så god påmelding til ordninga at me deler elevane inn i to grupper. 4. klassingar som har plass i SFO, og som deltek på leksehjelp i SFO-tida, vil få frådrag i foreldrebetalinga.

Tilbodet om leksehjelp er gratis for elevane, og det er frivillig for elevane å delta. Alle elevar som ynskjer det, har høve til å delta. Elevar som har plass i SFO kan gå attende dit etter leksehjelpa.

Sidan tilbodet skal vere frivillig, er det sjølvsagt ikkje noko obligatorisk oppmøte. Me ynskjer likevel til ei kvar tid å vite kven som skal vere på leksehjelp, difor tek me opp påmelding til ordninga. Dersom elevar av ulike grunnar ikkje skal vere med ein dag, må foreldra sende skulen melding i Visma. Dersom ein ikkje lenger ynskjer å nytte seg av tilbodet, kan ein melde frå til inspektør som administrerer ordninga. Det er også mogleg å melde seg på i løpet av året. Me ynskjer at dei som vil nytte seg av tilbodet, sender påmelding på e-post eller i Visma til inspektør:

<b>ADRESSE:</b> Gaupne skule 6868 Gaupne	<b>TELEFON:</b> Sentrabord: 57 68 55 00	<b>TELEFAX</b> 57 68 55 01	<b>E-POST ADRESSE:</b> <a href="mailto:postmottak@luster.kommune.no">postmottak@luster.kommune.no</a>	<b>ORGANISASJONSNR.</b> 964 968 241 <b>Bankgiro:</b> 3785.07.00142
--	---	-------------------------------	--	---

[anne-lise.bakken@luster.kommune.no](mailto:anne-lise.bakken@luster.kommune.no)

Påmeldingsfrist er fredag 27.august. Det er viktig at de skriv kva dag/dagar de ynskjer å nytte. Leksehjelpa startar måndag 30. august.

### **9A – Elevane si arbeidsmiljølov – skal hindre mobbing og sikre inkludering.**

Gaupne skule har som mål å ha eit inkluderande skolemiljø, det er rom for å vere ulike og det skal det vere. Likevel kan det vere at nokon kjenner seg lite inkludert og opplever mobbing, på nett eller i den verkelege verda. Me har to kartleggingar pr. år, Elevundersøkinga (7.kl.) og vår eiga trivselsundersøking (1.-6.kl.) om hausten. Før elev- og utviklingssamtalane om våren tek me ei ny kartlegging. Undersøkingane er viktige i arbeidet med å førebyggje mobbing, men me er i tillegg heilt avhengige av tett dialog heim-skule. Følg lenkje for meir info. om 9A og skulen si aktivitetsplikt i høve til mobbing.

<http://www.luster.kommune.no/laeringsmiljoe.256666.nn.html>

### **Orden og åtferdsreglar**

Både Luster kommune sine basisreglar og skulen sine eigne reglar er å finne på heimesida vår

<http://www.luster.kommune.no/laeringsmiljoe.256666.nn.html>

### **Visma- kontakt heim-skule**

Visma Flyt skule er kontaktplattform mellom heim-skule. De kan logge dykk på via heimesida vår, eller laste ned Visma sin app Min Skole. Me vil på det sterkeste anbefale dykk å bruke appen, då den er mest funksjonell og lettast å bruke. Ta kontakt med skulen om det er problem med pålogging.

### **Litt om korona:**

På grønt nivå kan skuledagen gjennomførast tilnærma normalt, og det er ikkje behov for organisering i kohortar. Det vil framleis vere nokre smitteverntiltak:

1. Ingen sjuke skal møte på skulen, sjølv med milde symptom
2. Det er viktig å halde avstand der det er mogleg
3. Normalt reinhald og god handhygiene

Frå 16.08.21 kan testing erstatte smittekarantene. Dette gjeld for personar under 18 år og for elevar over 18 år på vidaregåande skule. Det er lokale helsemyndigheter som har ansvar for organisering av testing og korleis den skal gjennomførast.

Smittesporingsteamet i kommunen har framleis ansvar for å spore smitte og varsle nærbondar.

Me ynskjer alle elevar og føresette eit godt skuleår og ser fram til vidare samarbeid. Me er heldige som får vere med barna dykkar kvar dag, bidra til læring og trivsel samt førebu overgangen deira til vidare liv.

Helsing

Linda Øvregard Røhme, rektor  
og alle andre tilsette ved Gaupne skule